

Sygni Eikemo
Eidavegen 256
5993 Ostereidet

Alver kommune
Postboks 4
5904 Frekhaug



Ostereidet, 31.10.2020

GJELD SØKNAD OM AREALOVERFØRING FRÅ GBNR 238/4 TIL GBNR 238/54

Fylkeslandbruksstyret godkjende i januar 1976 frådelling av ein bustadtomt kalt «Borgi» som Svein Ebbesvik skulle kjøpa. Tomta låg litt på kvar side av ei grense mellom gnr 238 bnr 3 og 4. Difor vart det halde to skyldskifte same dato, den 27.04.1977. Eitt frå kvart av hovudbruka. Sjå vedlegg.

Størsteparten av tomta – «Borgi 1» - vart utskilt frå gbnr 238/3, og fekk gbnr 238/54 frå kommunen. Den minste og øvste delen på 200 m² - «Borgi 2» - vart utskilt frå gbnr 238/4, og fekk gbnr 238/71.

I juli 1978 hjalp lensmann Jordal til med å få utarbeidd skøyte på 238/54, og skøytet vart tinglyst 28.07.1978 i lag med underliggende skyldskifte på «Borgi 1». Skøyte på 238/71 vart ikkje tinglyst, og dermed heller ikkje underliggende skyldskifte på «Borgi 2». Det er uklart kvifor, men Ebbesvik har gjeve uttrykk for at han trudde at delane vart slått saman. Ebbesvik bygde hus på tomta i 1984. Vegen opp til huset går over «Borgi 2». Så begge bruksnumra vart tekne i bruk av Ebbesvik.

I 1989 kjøpte underteikna bustadeigedommen frå Ebbesvik, og har budd der sidan. Grensene vart påviste, og arealet på både «Borgi 1» og «Borgi 2» var med i kjøpesummen. Men då skøyte til meg skulle skrivast, oppdaga eg at arealet under «Borgi 2» ikkje var tinglyst på Ebbesvik. Eg prøvde å få ordna det med å be om ei erklæring frå Ingeborg og Gunnar Knudsen som då framleis eigde gbnr 238/4, som «Borgi 2» var utskilt ifrå. Knudsen skreiv under, sjå vedlegg. Så tok eg med erklæringa og dei andre dokumenta til tinglysingskontoret på Tinghuset i Bergen. Der ba eg om hjelp/rettleiing til å få tinglyst at eg eigde heile bustadtomta. Men eg oppfatta kontorpersonalet slik at det vart vanskeleg. Så eg gav då opp, og har ikkje hatt tinglyst grunnboksheimel til huset mitt og tomta mi i dei 30 åra eg har vore eigar. Det må ordnast no.

I haust er det laga til eit skøyte på 238/54 «Borgi 1» frå Ebbesvik til meg, og dette er sendt til tinglysing. Eg håpar at kommunen vil hjelpa til så eg også vert registrert som eigar til arealet under «Borgi 2», gbnr 238/71. Etter samtale med kommunen forstår eg det slik at saka må handsamast på nytt «frå bunnen av», og at den enklaste måten er dersom noverande eigarar av gbnr 238/4 søkjer om arealoverføring. Ivan Myhr og Kine Iren Nordal eig no halvparten kvar av gbnr 238/4.

Eg vart i går merksam på at det truleg har vore ei paralell problemstilling på nabotomta 238/55. Eg trur den tomta vart utskilt på same tid som mi, med areal på begge sider av grenselina mellom bnr 3 og 4. Den saka ser ut til å vere løyst med ei arealoverføring frå 238/4 tinglyst 16.02.2012.

Rekning for gebyr og dokumentavgift kan sendast til meg.

Sygni Eikemo

Vedlegg: Søknad om arealoverføring
Situasjonsplan skisse
Skyldskifter på Borgi 1 og Borgi 2, datert 27.04.1977
Skøyte til Ebbesvik på Borgi 1, datert 24.07.1978
Erklæring og brev frå Ingeborg og Gunnar Knutsen datert 07.12.1990